



"døra til
spelemidlar"

TEMA
plan
2015 - 2026

Høyanger kommune
eld kraft vatn

Vedteken plan
K-sak 67/14, 16.12.14

Kommunal plan for
**Idrett, fysisk aktivitet og
friluftsliv (hovudrevisjon)**

Kommunal plan for **idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 - 26**

HØYANGER KOMMUNE

August. Gunnarskogsgate
Boks 159
6991 HØYANGER
Tlf. 577 11 500
Fax. 577 11 501

e-post: postmottak@hoyanger.kommune.no

Oppdragsgjever:

Rådmannen i
Høyanger kommune

Kontakt vedk. planen:

Høyanger kommune
Ungd.-/idr.kons. Grete B. Ulvestad
Postboks 159
6991 Høyanger

e-post: postmottak@hoyanger.kommune.no

Høyanger kommune
20 © 14

Kommunal plan for

Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 - 2026

Regelmessig fysisk aktivitet gir

Auka arbeidskapasitet	Mindre ryggproblem
Betre evne til å meistre stress	Mindre risiko for blodprop og slag
Større overskot – meir trivsel	Mindre risiko for slitasjegjikt
Naturleg avløp for stressreaksjonar	Gunstigare feittstoffskifte og blodkolesterolprofil
Betre søvn	Mindre risiko for utvikling av beinskjørleik
Betre lungefunksjon	Betre mage- og tarmfunksjon
Styrka immunforsvar	Sterkare beinvev, brusk, sener og band
Sterkare hjarte	Sterkare muskulatur
Sterkt redusert risiko for hjarte- og karsjukdomar	Betre kroppsbalanse og mindre risiko for fall
Betre blodsirkulasjon	Betre leddfunksjon og rørsle
Mindre risiko for utvikling av høgt blodtrykk	Betre grunnlag for å oppretthalde rett kroppsvekt
Mindre risiko for kreft	Langsamare aldring
Betre blodsukkerregulering	

Kommunal plan for **idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 - 26**

FØREORD

Ein viktig føresetnad for å drive idrett og fysisk aktivitet, er tilgjenge til anlegg og område der aktiviteten kan finne stad. I vår kommune har vi ei god anleggsdekning, og dei siste åra har det også vore auka satsing på friluftsliv, gjennom m.a. utarbeiding av turkart og ei omfattande merking av turstiar i alle deler av kommunen. Såleis ligg det godt til rette både for organisert og eigenorganisert fysisk aktivitet i Høyanger kommune.



Det er ønskjeleg at denne planen skal medverke til at det framleis vert lagt til rette for auka fysisk aktivitet for alle aldersgrupper i heile kommunen. Gode anlegg og område for idrett og fysisk aktivitet vil vere verkemiddel for å nå målet med å få alle i aktivitet. Dette er eit felles ansvar vi må ta både i kommunen, lag og organisasjonar, samt hos den einskilde innbyggjar. Like viktig som anlegg er folkehelsearbeidet, og Høyanger kommune vil i planperioden systematisere dette arbeidet inn i alle tenesteområde.

Planutvalet vedtok endeleg planprogram for *kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 - 2018* jf. PBL § 11-13 i møte den 11. mars 2014.

Den tematiske kommunedelplanen må vere godkjent av kommunestyret innan 31. desember 2014.

Til å leie arbeidet med revisjon av planen har flg. planutval vore oppnemnt:

- Marte Conradi, miljøvernleiar
- Synne Vefring, kommuneplanleggar
- Grete B. Ulvestad, ungdoms- og idrettskonsulent (sekretær)
- Jørgen Hundseth, Skogbruksjef
- Hilde Ullebø, folkehelsekoordinator
- Aril Gjelsvik, prosjektleiar
- Olav Nordgulen, representant frå Idrettsrådet

Høyanger, 15. november 2014

Arve Varden
rådmann

Kommunal plan for **idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 - 26**

Inndeling

Planen er inndelt i to delar for at ein enkelt og raskast skal kunne finne den informasjon som er ønskjeleg. Planen er linka slik at ein berre klikkar seg vidare eller tilbake i dei ulike dokumenta.

del 1 - PLANEN

Innhald

1 BAKGRUNN, DEFINISJONAR OG AVGRENSINGAR.....	7
1.1 INNLEIING:	7
1.2 KLARGJERING AV DEFINISJONAR.....	8
1.3 GENERELLE UTVIKLINGSTREKK I KOMMUNEN	9
1.4 MEDLEMSTAL FORDELT PÅ ALDERSGRUPPER	11
2 OVERORDNA FØRINGAR OG MÅLSETTINGAR	14
2.1 STATLEGE FØRINGAR	14
2.2 FYLKESKOMMUNALE FØRINGAR	15
3 MÅL OG STRATEGIAR FOR HØYANGER KOMMUNE	16
3.1 MÅLUTFORMING	16
3.2 STRATEGIUTFORMING	16
4 PLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET	17
4.1 UTVIKLINGSTREKK	17
4.2 FORHOLD TIL ANDRE PLANAR	17
4.3 PLANPROSESSEN	18
4.4 RESULTATVURDERING AV PLAN 2008 - 2014	18
5 STATUS I KOMMUNEN.....	22
5.1 TILBOD - OMRÅDEINNDELING	22
5.2 FØREBYGGJANDE ARBEID	22
5.3 TILTAK FOR Å FREMJE FYSISK AKTIVITET	23
6 REGISTRERING AV AKTIVITET - VURDERING AV NYE TILTAK	24
6.1 BEHOV FOR ANLEGG OG AKTIVITET.....	24
6.2 FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV.....	25
7 SPELEMIDLAR PÅ 1 2 3	27
7.1 SPELEMIDLAR PÅ 1 2 3	27
7.2 SPELEMIDLAR OG IDRETTSANLEGG	27
8 LITTERATUR, LENKAR OG VEDLEGG	30
8.1 NYTTIGE LENKAR.....	30
8.2 IDRETTSANLEGG – FYLKESPLAN 2014-2017	30
9 VEDLEGG: ANLEGGSDEKNING FORDELT PÅ OMRÅDE.....	31
9.1 OMRÅDE A.....	31
9.2 OMRÅDE B	33
9.3 OMRÅDE C	33
9.4 OMRÅDE D.....	34
9.5 OMRÅDE E	35
9.6 OMRÅDE F	35
9.7 OMRÅDE G.....	36

del 2 - HANDLINGSPLANEN

Innhald

Gå direkte til handlingsplanen:

Kortsiktig del, 4-års perspektivet

Sjå vedlegg og publisert på nettsida til Høyanger kommune

Langsiktig del, 12-års perspektivet

Sjå vedlegg og publisert på nettsida til Høyanger kommune

1 Bakgrunn, definisjonar og avgrensingar

1.1 Innleiing:

Kulturdepartementet krev at kommunen utarbeider samla plan for idrett og fysisk aktivitet som grunnlag for tildeling av spelemidlar. Planen skal m.a. innehalde eit prioritert handlingsprogram for den komande 4-årsperioden og ein uprioritert langsiktig del. Planen skal ta føre seg utbygging av nye- og rehabilitering av eksisterande idretts-, frilufts- og nærmiljøanlegg i kommunen. Det kan søkjast om spelemidlar til dei anlegga som er prioritert for gjennomføring dei einskilde åra i handlingsprogrammet.

1.1.1 Bakgrunn for planen

Alle anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som det skal søkjast spelemidlar til, må vere innarbeidd i ein strukturert communal plan for dette området. Ein communal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er eit politisk dokument, og er meint å vere ein styringsreiskap for å nå kommunen sine mål på dette feltet.

Målet med planen er å ha ein politisk vedtatt og oppdatert langsiktig plan for utvikling av feltet idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Høyanger kommune.

1.1.2 Minstekrav til planen

Kulturdepartementet sin [rettleiar](#) V-0798B for utarbeiding av kommunale planar på feltet idrett og fysisk aktivitet, der under friluftsliv, legg føringar for arbeidet med revisjon av communal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Departementet har definert minstekrav til planen slik:

- Målsetting for kommunen si satsing på idrett og fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv.
- Målsetting for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv.
- Resultatvurdering av førra plan, med statusoversikt.
- Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov for både anlegg og aktivitet.
- Det skal gjerast greie for samanhengen med andre planar i kommunen.
- Prioritert handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftsanlegg.
- Oversikt over forventa kostnader knytt til drift og vedlikehald av planlagde anlegg.
- Uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg.
- Lokalisering av eksisterande og planlagde anlegg, område for friluftsliv og arealbehov for planlagde anlegg og friluftsområde bør gå fram av relevante kart.



*Veit du at
regelmessig
fysisk aktivitet gir
"auka arbeids-
kapasitet"*

Kommunal plan for **idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 - 26**

1.2 Klargjering av definisjonar



Foto: Grete Bjørnsen Ulvestad

NÄRMILJØANLEGG Dette er anlegg eller område tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakleg knytt til bu- og/eller opphaldsområde. Anlegga eller områda skal vere fritt ålment tilgjengeleg for eigenorganisert fysisk aktivitet for lokalbefolkinga, men er primært retta inn mot barn og ungdom. Nærmiljøanlegg er uteanlegg, og det er krav om universell utforming på anlegga.

Grunnlag for tilskot er avgrensa oppover til kr 600 000, med ei nedre godkjent kostnadsramme på kr 50 000. Maksimalt tilskot til ein anleggstad er kr 1 200 000.

ORDINÆREANLEGG Dette er anlegg meint for organisert idrett og fysisk aktivitet. Det vert ikkje ytt tilskot frå spelemidlane til drift, erverv av grunn eller dekking av gjeld.

Der anna ikkje er bestemt, kan det ytast tilskot til ordinære anlegg inkludert rehabilitering på inntil 1/3 av godkjent kostnad, med eit maksimalt tilskot på kr 1 000 000. Nedre godkjent kostnadsramme ved utrekning av tilskot er på kr 150 000. For enkelte anleggstypar er det fastsett særskilt maksimal tilskotssum.

Maksimalt tilskot vil vere den satsen som gjeld det året anlegget blir gitt tilskot. Når tilskotet blir delt over fleire år (ved gjenteken søknad), vil maksimalt tilskot ved første års tildeling gjelde.



Foto: Arvid Fimreite

1.2.1 Friluftsområde og friområde

Frilufts- og friområde blir ofte brukt som samleform på grøne område som er tilgjengelege for ålmenta sin frie ferdsel.

FRILUFTSOMRÅDE Store og oftest uregulerte område som i hovudsak er i privat eige, og som omfattast av allemannsretten. Det er ikke krav om parkmessig opparbeiding, tilrettelegging for funksjon og bruk.

Områda vert nyttå til turliv, jakt, fiske, trim og aktiv trening. I kommuneplanens arealdel jf. PBL §11 – 7 er friluftsområda vist som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område). I detaljplansamenheng kan en avsette areal som friluftsområde (jf. pbl § 12 - 5, nr.5).

FRIOMRÅDE Dekker avgrensa område med spesiell tilrettelegging og opparbeiding for ålmenta sin frie rekreasjon og opphold utandørs. Områda føresettast erverva, opparbeidd og vedlikehaldne av kommunen, og kan vere parkanlegg, turvegar, lysløyper, leikeplassar, nærmiljøanlegg og badeplassar. Det kan også vere ålment tilgjengeleg idrettsplassar og liknande med enklare og lettare anlegg som legg til rette for leik og idrett på friarealet.

PARK er som regel meir opparbeidd enn friområda, men tener same formål.

NATUROMRÅDE er areal som ligg utan inngrep og tiltak der ein ønskjer å ivareta vegetasjonen og unngå inngrep i området. Desse områda kan nyttast til friluftsliv, utan opparbeiding, til dømes koller, sletter og bakkar i nærmiljøet.

1.3 Generelle utviklingstrekk i kommunen

Folketalet i Høyanger kommune pr. 01.01.14 er 4 183 innbyggjarar. Dette er ein nedgang på 237 personar sidan 01.01.07. Innbyggjarane i kommunen har ei alder- og kjønnssamsetjing som ikkje vesentleg skil seg frå lands- og fylkesgjennomsnittet. Kommunen har likevel ein større del eldre over 70 år. Sjå kommunefakta for vår kommune hos [SSB](http://www.ssb.no/kommunefakta) (www.ssb.no/kommunefakta).

1.3.1 Aldersinndeling

Aldersgruppe	Kvinner	Menn	Samla folketal
0 – 9 år	228	201	429
10 – 19 år	296	336	632
20 – 29 år	193	226	419
30 – 39 år	185	186	371
40 – 49 år	302	332	634
50 – 59 år	250	331	581
60 – 69 år	255	256	511
70 – 79 år	170	146	316
80 – 89 år	124	93	217
90 – 99 år	53	18	71
100 år +	2	0	2
	2 058	2 125	4 183

Kjelde: SSF pr. 01.01.14

I perioden 2000 – 2012 hadde kommunen ein nedgang i folketalet på ca. 10 %. Årsaka til dette er netto fråflytting. Aldersinndelinga illustrerer at Høyanger i dag har størst folketal innanfor aldersgruppa 40 - 49 år. Prognosane seier at tal barn og unge frå 0 - 19 år vil gå ned i åra som kjem. Den relativt store gruppa i alderen 39 - 69 år gjer at ein kan forvente seg ein auke i tal eldre som er busett i kommunen i framtida. Dette vil forsterke trenden med ei aldrande befolkning, og det vil vere viktig å ta omsyn til dette i all tilrettelegging for auka fysisk aktivitet.

1.3.2 Utviklingstrekk hos barn og ungdom

Barn og ungdom vert rådd til å vere i aktivitet i minst 60 minuttar kvar dag, og aktiviteten bør ha både moderat og høg intensitet. Det store fleirtalet av norske barn er med i norsk idrett på eit eller anna tidspunkt, og mange deltek i fleire idrettar. Barn frå 6 til 12 år er den aldersgruppa som har flest aktive i norsk idrett. I denne aldersgruppa er det gjennomgåande fleire medlemskap i idretten enn individ i populasjonen.

Frå 12–13 års alder er det eit jamt fall i deltaking i organisert idrett gjennom tenåra. Tal på medlemskap indikerer at det skjer noko i overgangen mellom born og ungdom når det gjeld tilhøvet til den organiserte idretten. Det er viktig å påpeike at fråfall i idretten ikkje har ei enkelt årsak, men skuldast ei rekke ulike faktorar knytt til born og unge sin oppvekst, omgjevnader og interesser. Studiar syner at norske born og ungdomar brukar ein stadig større del av dagen sin på stillesittande aktivitet. Stadig færre oppfyller dei faglege tilrådingane om i gjennomsnitt minst 60 minuttar dagleg moderat fysisk aktivitet.

Det blir difor viktig å prioritere tiltak som i større grad tilfredsstiller ungdom sine behov for varierte og utfordrande aktivitetar. Ei ungdomsbefolkning som er engasjert i idrett og mosjon er også viktig utifrå eit folkehelseperspektiv.

Ungdomsgruppa bør vektleggast i drøftingar om nye anlegg for idrett og fysisk aktivitet dei komande åra.

Kommunal plan for **idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 - 26**

1.3.3 Aktivitetstal

Fysisk aktivitet og mosjon er ein av de vanlegaste fritidsaktivitetane i befolkninga. Fleire og fleire trenar aktivt og ofte, og stadig færre trenar aldri.

Trass i at stadig fleire rapporterer at dei trenar og mosjonerer på fritida, har det totale omfanget av fysisk aktivitet i befolkninga gått ned. Dette skuldast i stor grad at kvardagsaktivitetane har gått ned. Døme på det er at vi gjer mindre arbeid på og i huset enn før, vi går mindre i kvardagen, og de fleste av oss har meir stillesittande arbeid.

Styresmaktene sitt tilrådde minimumsnivå når det gjeld fysisk aktivitet i høve til helsegevinst er 30 minuttar dagleg aktivitet med moderat belastning. Dette gjeld for vaksne og friske eldre.

Hovudutfordringa når det gjeld befolkninga sitt fysiske aktivitetsnivå er å auke tal vaksne, eldre og ungdom som oppfyller tilrådingane til fysisk aktivitet.

Det viktigaste det offentlege kan bidra med overfor den gruppa av vaksne som allereie er fysisk aktive, er utbygging av idrettsanlegg og sikring av område der aktiviteten kan gå føre seg. Også for inaktive vil ei tilpassa anleggsutvikling vere viktig.

1.4 Medlemstal fordelt på aldersgrupper

Medlemsutviklinga for idretten i vår kommune for åra 2008 – 2014 syner positiv oppgang i medlemstal, dette var motsett i førre planperiode. Auken ser ein i hovudsak i gruppa kvinner over 26 år. Hos menn ser ein auken i gruppa 20 – 25 år. I samband med Idrettsregistreringa må laga vere merksame på evt. underregistrering.

Føresetnad for registrering av aktivitetstal at dei som vert registrert har løyst kontingen i laget.

	Kvinner						Menn						Sum		
	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	K	M	Sum		
Høyanger Idrettsråd	53	188	195	75	455	49	180	184	99	491	966	1003	1969		
Bjordal/Søreide IL	3	14	9	3	25	0	13	4	3	24	54	44	98		
IL Høyang	27	112	136	39	198	25	110	123	64	226	512	548	1060		
Høyanger Pistolkl.	0	0	0	0	2	0	0	1	0	27	2	28	30		
Ikjefjord IL	0	2	2	4	8	1	2	4	5	7	16	19	35		
Kyrkjebø IL	8	22	22	19	99	14	25	31	22	98	170	190	360		
Vadheim IL	8	11	11	2	46	3	11	6	2	40	78	62	140		
Lavik IL	7	27	15	8	77	6	19	15	3	69	134	112	246		

Kjelde: Idrettsregistreringa pr. 01.01.13

1.4.1 Fysisk aktivitet fremmar livskvalitet og helse

I folkehelseperspektiv er det avgjerande at ein planlegg slik at alle skal kunne vere fysisk aktive. Viktige føresetnader er lett tilgjengelege friluftsområde som kan brukast både av rørsle- og sansehemma. Gode møteplassar for sosiale aktivitetar og friluftsliv, samt anlegg som gjer det mogeleg med fleirbruk og allsidige aktivitetar.

Kommunal plan for **idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 - 26**

Folkehelselova som kom 01.01.2012 legg føringer for kommunen sitt folkehelsearbeid.

« §4 Kommunens ansvar for folkehelsearbeid:

Kommunen skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen.

Kommunen skal fremme folkehelse innen de oppgaver og med de virkemidler kommunen er tillagt, herunder ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tjenesteyting.

Kommunen skal medvirke til at helsemessige hensyn blir ivaretatt av andre myndigheter og virksomheter. Medvirkning skal skje blant annet gjennom råd, uttalelser, samarbeid og deltagelse i planlegging. Kommunen skal legge til rette for samarbeid med frivillig sektor.

§ 7 Folkehelsetiltak:

Kommunen skal iverksette nødvendige tiltak for å møte kommunens folkehelseutfordringer, jf. § 5. Dette kan blant annet omfatte tiltak knyttet til oppvekst- og levekårsforhold som bolig, utdanning, arbeid og inntekt, fysiske og sosiale miljøer, fysisk aktivitet, ernæring, skader og ulykker, tobakksbruk og alkohol- og annen rusmiddelbruk.

Kommunen skal gi informasjon, råd og veiledning om hva den enkelte selv og befolkningen kan gjøre for å fremme helse og forebygge sykdom. »

Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er svært viktige faktorar for folkehelsa. Samanhengen mellom fysisk aktivitet og helse er godt dokumentert, og regelmessig fysisk aktivitet vernar mot ei rekke alvorlege helseplager.

Det å ha gode og allsidige aktivitetstilbod, slik at folk kan vere aktive og kjenne glede ved fysiske utfordringar, er godt folkehelsearbeid og med på å mogeleggjere at alle kan delta i eit aktivt og inkluderande lokalsamfunn. Systematisk oppgradering og vedlikehald er med å førebyggje ulukker, og når folk er fysisk aktive har dei betre muskelstyrke, betre balanse og mindre risiko for alvorlege skadar.

1.4.2 Skular og barnehagar – viktig funksjon m.o.t. å fremje fysisk aktivitet

Både den fysiske, psykiske og sosiale utvikling hos barn er avhengig av fysisk aktivitet. Barn som gjennom fysisk aktivitet får utvikla motoriske ferdigheter, vil i mange høve også meistre intellektuelle utfordringar lettare. Eit variert, spennande, utfordrande og tilpassa opplæring i fysisk aktivitet for born, er så viktig at det bør prioriterast enda sterkare på desse arenaene.

Rammeplan for barnehagane og læreplan for grunnskulen, har heilt klare målformuleringar. Dei legg opp til at fysisk aktivitet og naturopplevingar skal vere ein viktig del av den opplæringa som vert gjeve. I tråd med dette må uteområda leggjast til rette for fysisk aktivitet.

1.4.3 Den kommersielle treningsmarknaden

I kommunen har det dei siste åra vorte ei betring vedk. treningsstudiotilbod for innbyggjarane. Trivselskjellaren i Lavik har gode apparat og har stor aktivitet. Trimrommet i Høyangerhallen har fått noko oppgradering av utstyr, og i Bjordal har Bjordal/Søreide Idrettslag etablert trimrom i Bygdetunet.

Kommunal plan for **idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 - 26**

Hausten 2014 opnar Elite Gym, også det i Høyanger. I tillegg har nokre arbeidsplassar etablert treningsrom for sine tilsette.

Det vert ikkje gjeve tilskot frå spelemidlane til idrettsanlegg som vert drive kommersielt (dvs. at overskotet vert tatt ut av private eigarar).

1.4.4 Arbeidsgjevaransvar

I følgje arbeidsmiljølova § 3-4 skal arbeidsgjevar vurdere tiltak for å fremje fysisk aktivitet blant arbeidstakarane som ein lekk i HMT-arbeidet. Tiltak som eventuelt vert sett i verk, skal ha som siktet mål å redusere effekten av inaktivitet på arbeidsplassen. Dette skal bidra til at inaktivitet som risikofaktor for sjukdom vert sett på dagsorden, og at ein ved å fokusere på fysisk aktivitet vil kunne oppnå gunstige helseeffektar.

2 Overordna føringar og målsettingar

2.1 Statlege føringar

2.1.1 Statleg idrettspolitikk

Staten framhevar i St.meld. nr. 26 (2011 – 2012) at idretten er landets største frivillige rørsle og at idretten også handlar om deltaking i sosiale fellesskap. Idrett medverkar til personleg utvikling for einskildmennesket, samstundes som den gjennom si fellesskapsorientering har ein samfunnsbyggjande funksjon. Lokale idrettslag er gjennom si breie oppslutning i barnegruppa eit viktig bidrag til gode og trygge oppvekstvilkår.

Deltaking i fellesskap er også viktig for den einskilde, og for samfunnet gjennom etablering av nettverk og organisasjoner. Idretten sin nytteverdi er fra staten si side særleg knytt til helseperspektivet. Betre fysisk og psykisk overskot, som følgje av trening er viktig, ikkje berre for den einskilde, men også i form av ein samla helsegevinst for samfunnet.

Det overordna målet for statleg idrettspolitikk er:

Idrett og fysisk aktivitet for alle.

Idrett og fysisk aktivitet for alle inneber at staten gjennom sin verkemiddelbruk, skal leggje til rette for at alle som ønskjer det, skal ha høve til å delta i idrett eller drive eigenorganisert fysisk aktivitet.

Nokre grupper står likevel fram som meir sentrale for statleg engasjement. Dette er barn (6 - 12 år) og unge (13 - 19 år).



*Veit du at regelmessig fysisk aktivitet gir
"Større overskot
– meir trivsel"*

Ved utarbeiding av idretts- og friluftslivspolitikken i vår eigen kommune vil statlege målsettingar også vere sentrale.

2.1.2 Statleg friluftslivspolitikk

Grensene for kva som er friluftsliv er uskarpe, med overlapping mot andre sektorar, særleg idretten. Friluftsliv kan vere både eigenorganisert og organisert aktivitet, men føreset opphold og fysisk aktivitet i naturen og friluft.

Nasjonalt politisk mål for friluftslivet, er at alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennlig aktivitet i kvardagen. Sidan stadig fleire bur i byar og tettstader, aukar trøngten for gode friluftsområde i nærleiken av busetnaden.

2.1.3 Saman for fysisk aktivitet

Fysisk aktivitet er ei kjelde til overskot, helse og trivsel, og er nødvendig for normal vekst og utvikling blant barn og unge. Ved å stimulere alle til auka fysisk aktivitet, kan helseproblem både førebyggjast og handsamast.

Kommunal plan for **idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 - 26**

For å få til dette er det svært viktig å byggje på den gode dialogen kommunen har med lag og organisasjonar i kommunen, samt å gje desse gode rammevilkår. I Høyanger kommune har ein m.a. gratis leige i kommunale bygg for barn og unge opp til 19 år. I tillegg samarbeider kommunen tett med lag og organisasjonar i høve drift av ulike anlegg, turkassetrim, merkeprosjekt m.m.

2.1.4 Rikspolitiske retningslinjer (RPR)

RPR har som føremål å synliggjøre og styrke barn og unge sine interesser i all planlegging og byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova.

Etter plan- og bygningslova skal det spesielt leggast til rette for å sikre barn gode oppvekstvilkår. Føremålet er å sikre eit oppvekstmiljø som gir barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader, og som har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ei kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap om barn sine behov.

2.1.5 Tilgjenge for alle/universell utforming

Universell utforming er utforming og samansetning av ulike produkt og omgjevnader på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneske, i så stor utstrekning som mulig, utan behov for tilpassing og ei spesiell utforming. Tilrettelegging er ein føresetnad for tilskot frå spelemidlane.

2.2 Fylkeskommunale føringer

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 – 2017 vart vedteken av fylkestinget 11.12.13. Planen trekk opp retningsliner for tildeling av spelemidlar til idretts- og friluftsanlegg i Sogn og Fjordane. Årleg fordeler Fylkeskommunen om lag 30 millionar kroner av speleoverskotet til ordinære anlegg innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i fylket. Nærmiljøanlegga får inntil 15% av ramma. Dette er ei dobling av tildelingane i førre fylkesdelplan. Det er no opp til fylkeskommunane sjølv å bestemme fordelinga mellom desse ulike kategoriene.

Flg. anlegg skal styrast av regional plan

- Fleirbrukshallar, inkludert spesialhallar.
- Symjehallar.
- Alpinanlegg med høgdeskilnad på 100 m eller meir.
- Golfanlegg.
- Motorsportanlegg.
- Kunstrasbaner lik eller større enn 64 x 100 meter.
- Skyttaranlegg.
- Hoppanlegg større enn K 40, inkludert plastlegging.

I flg. regional plan er det ikkje befolningsgrunnlag og ressursar nok til større utbyggingar av alle alpinanlegga i fylket finansiert gjennom spelemiddelordninga. Dei anlegga som har høve til å få spelemidlar er anlegga i Eid, Jølster, Sogndal og Luster kommunar.

Fylkeskommunen har som mål at talet på anlegg som turvegar og løyper i nærmiljøet skal auke i planperioden. Friluftslivanlegg slik dei er definert i gjeldande føresegner frå Kulturdepartementet, skal ha 1. prioritet ved tildeling av spelemidlar.

3 Mål og strategiar for Høyanger kommune

3.1 Målutforming

3.1.1 Hovudmål

Høyanger kommune vil arbeide for at alle skal ha moglegheit til å drive mosjon, idrett og friluftsliv på sitt eige nivå. Bruk av naturen skal vere ein naturleg del av kvardagen uavhengig av alder og helse.

3.1.2 Delmål

Høyanger kommune skal arbeide for å nå flg. delmål:

- Høyanger kommune skal ha fokus på folkehelsearbeid i alle tenesteområde.
- Rehabilitering og fullføring av eksisterande anlegg og planlegging/utbygging av nye anlegg i samsvar med vedtekne prioriteringar.
- Born og unge skal ha eit allsidig breiddetilbod.
- Høyanger kommune skal støtte opp om lågterskelaktivitetar.
- I samarbeid med lag og organisasjonar planleggje og setje i verk tiltak for å auke folk si oppleving av natur- og friluftsliv.
- Vidareutvikling av aktivitetstiltak retta inn mot alle delar av befolkninga.
- Turvegar, turstiar og turløyper skal leggast til rette slik at dei utgjer eit attraktivt nett med grøne ferdselsårer i nærområda.



*Veit du at regelmessig
fysisk aktivitet gir
"betre søvn"*

3.2 Strategiutforming

Dette er ikkje ein plan som gir eit fullstendig bilet av idretts- og friluftslivet i Høyanger kommune. Som døme kan nemnast frivillige lag og organisasjonar innan idrett og fysisk aktivitet, og den ressursen heile den frivillige sektor representerer, for ei positiv utvikling i kommunen.

Kommunen bør halde fram det gode folkehelsearbeidet og fokusere på fysisk aktivitet for alle. Gjennom å auke den årlege samlepotten som i budsjettet er sett av til friluftsmidlar, kan ein få gjennomført ei lang rekke naturtilpassa prosjekt som turstiar, merking, skilting etc. som vil auke både trivsel og fysisk aktivitet hos innbyggjarane.

Tryggleik er også ein viktig del av dette. Det må leggjast til rette for systematisk vedlikehald på anlegg slik at det ikkje skjer ulukker på grunn av därleg vedlikehald. Vidare må det setjast av midlar til tilskot til velforeiningar og burettslag som har ansvar for leikeplassar, slik at ein også får eit systematisk vedlikehald på desse. Kommunen bør også setje av ressursar til å hjelpe til med sjekking av utstyr og tilstand på desse leikeplassane.

4 Plan for idrett og fysisk aktivitet

4.1 Utviklingstrekk

4.1.1 Statleg idretts- og friluftspolitikk

Om ein skal halde oppe friluftslivet som ein viktig fritidsaktivitet også i framtida, må framtidige generasjonar få naturopplevingar og høve til å utvikle dugaik som gjer at dei sjølve ønskjer og er i stand til å ferdast i skog og mark.

Regjeringa vil styrke arbeidet med motivasjon og stimulering til friluftsliv for barn og barnefamiliar, med særleg vekt på dei som i dag ikkje i det heile teke, eller berre i lita grad tek del i friluftsliv og fysisk aktivitet.

Dei viktigaste tiltaka er:

- å styrke barn og unge sine høve til å utvikle seg fysisk, mentalt og sosialt gjennom å leike i, ferdast i og oppleve natur
- å vidareføre og forsterke satsinga på informasjons-, aktivitets- og opplæringstilbod i friluftsliv der barn og familiarer er målgruppe
- å styrke arbeidet med motivasjon og stimulering til friluftsliv ved å auke tilskota til aktivitetstiltak i regi av friluftslivsorganisasjonane
- å gjennomføre kompetanseoppbygging i kommunane der ein generelt set fokus på verdien av friluftsliv og spesielt på verdien for barn si helse og utvikling
- å gjennomføre ei nasjonal satsing på uteaktivitet i barnehagar, skular og skulefritidsordningar
- gjere sportsfiske etter innlandsfisk lettare tilgjengeleg og rimelegare ved å fjerne fiskaravgifta
- utvide høve til gratis fiske for barn og unge slik at det gjeld t.o.m. 17 år.



*Veit du at regelmessig
fysisk aktivitet gir
"styrka immun-
forsvar "*

4.2 Forhold til andre planar

4.2.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel omhandlar langsiktige utfordringar, satsingsområde, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Den er grunnlag for dei ulike sektorane sine planar og verksemd, samt korleis kommunen prioritatar og fordeler ressursar. Gjeldande samfunnsdel vart vedteke av kommunestyret 31.01.2013 i sak 004/13, og inneholder følgjande mål, strategiar og satsingsområde. Plandokumentet i sin heilskap er tilgjengeleg på Høyanger kommune sine nettsider www.hoyanger.kommune.no

4.2.2 Målsetting – Høyanger kommune fram mot 2025

Overordna målsettingar – aktiv, handlekraftig og framtidsretta.

- Høyanger kommune skal ha positiv folketalsvekst.
- Høyanger kommune skal ha vekst i næringslivet.
- Høyanger kommune skal saman med Høyanger vidaregåande skule og lokalt næringsliv sikre høg kvalitet i ei samanhengande 13 – årig opplæring i kommunen.
- Høyanger kommune skal vere ein god og trygg stad å bu for alle kommunen sine innbyggjarar. I alle avgjersler som har betyding for innbyggjarane skal helsekonsekvensar vurderast.

Kommunal plan for **idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 - 26**

- Høyanger kommune skal vere ein veldriven organisasjon som yte raske og gode tenester.
- Høyanger kommune skal forvalte ressursane sine berekraftig.

Resultatmål i planperioden

- Høyanger kommune skal ha årleg folketalsvekst på 0,5 %. Folketalsveksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20-40 år.
- Høyanger kommune skal ha vekst i tal arbeidsplassar på 400 til 600.
- Høyanger kommune skal vere blant dei 100 best rangerte kommunane i kommunebarometeret.
- Høyanger kommune skal ha positiv utvikling i sin folkehelseprofil (jf. data frå (FHI)).
- Høyanger kommune skal redusere forbruk og utslepp som er skadeleg for klima og miljø med 20 %.

4.2.3 Satsingsområde og strategiar

Høyanger kommune sine satsingsområder og strategiar innanfor kvart satsingsområda er summert opp i tabellen nedanfor.

Satsingsområde	Strategi			
Aktiv næringspolitikk	Utvikle samferdsle og kommunikasjon.	Styrke kommunen si rolle som pådrivar og tilretteleggjar.	Utvikle handel- og reiselivsnæringa.	Styrke nyskaping og entreprenørskap
Menneska i sentrum	Fokus på stadutvikling	Styrke kultur og fritid	God kvardag for born og unge	
Berekraftig utvikling	Sikre viktig natur og kulturlandskap	Reduksjon av utslepp	Klimautfordringar	Reduksjon av forbruk
Inkluderande samfunn	Arbeidsliv	Folkehelse	Likestilling	Samarbeid
Kommunen som organisasjon	Kompetanse-utvikling	Kvalitet og resultat	Verdiar og etiske standarar	Likebehandling og rettssikkerheit

4.3 Planprosessen

Planprosessen må følge dei intensjonar og reglar som Plan- og bygningslova legg opp til:

- politisk innverknad i planprosessen
- tverretatleg administrativ medverknad
- samarbeid med statlege, fylkeskommunale og andre offentlege styresmakter
- samarbeid med private organisasjonar og grupper med spesiell interesse i planarbeidet.

I samband med siste punkt er særleg nemnt Idrettsrådet i kommunen og friluftsorganisasjonane. Det vert også lagt vekt på tverretatleg samarbeid for å styrke fysisk aktivitet og folkehelse.

4.4 Resultatvurdering av plan 2008 - 2014

Høyanger kommune vedtok Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv 20.12.94, med siste hovudrevisjon i 2008.

Kommunal plan for **idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 - 26**

Planen er eit godt og mykje nytta verktøy i anleggsutbygginga og i planlegging av tiltak for auka fysisk aktivitet. Høyanger kommune har lagt seg på ei årleg rullering av handlingsprogrammet i planen, noko som gjer at ein får høve til å ta inn nye nærmiljøanlegg på prioriteringslista, der dugnad er ein vesentleg del av finansieringsplanen. Faren med dette er at dei som ventar på tur på meir kostnadskrevjande anlegg, kan føle at planen ikkje er eit reelt styringsverktøy, men er prega av gode ønskje, men med manglande økonomi for å få gjennomført tiltaka.

Hadde ein hatt ein årleg tilskotsoppot for kommunal medfinansiering av anleggskostnadene ved spelemiddelsøknader, ville nok prioriteringane verte meir reelle og også strammare.

Tiltak som vert utstett år etter år grunna manglande økonomisk finansiering, gjer at lag/organisasjonar og andre kan miste interesse for planen og ein kan oppleve at planen får mindre status.

Som politisk og administrativt styringsverktøy har planen fungert godt også i denne perioden.

Sjølv om nokre anlegg vert forskyvd i planen p.g.a. manglande finansiering og prioritering, opplever ein ei nokså god samordning mot kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett. Ein får tidleg signal m.o.t. økonomi i dei ulike tiltaka gjennom den årlege prosessen med rullering av handlingsprogrammet, som følgjer saka om spelemidlar i kommunestyret. Dette er viktig m.o.t. frist for vidare innsending av søknader til fylkeskommunen. Det er også viktig at det vert sett av nok ressursar til å følgje opp kommunale tiltak i planen.

Det har vore ei god anleggsutbygging i kommunen dei siste åra. Nokre av anlegga som er planlagt utbygd, har likevel ikkje vorte gjennomført både av omsyn til økonomi, samt at utbyggjar ikkje har spelt saka inn mot kommunen. *Det må presiserast at det er den som er oppført som utbyggjar, som er ansvarleg for å ta det første initiativ inn mot kommuneadministrasjonen m.o.t. det vidare arbeidet med anlegget, søknad om spelemidlar m.m.*

4.4.1 Anleggsoversikt Høyanger kommune

Idrettsanlegg (Kulturdepartementet sitt register over idrettsanlegg og spelemiddelsøknader) er eit register over alle idrettsanlegg i Noreg, frå dei store anlegga bygt og utforma for internasjonale meisterskap, til små balløkker og skileikeanlegg. Anlegg for friluftsliv er også registrert så langt det er funne tenleg. Alle anlegg eller tiltak for friluftsliv som er gitt tilskot til av spelemidlane er registrerte her.

Publikumsportalen, som også inneholder alle relevante data for alle idrettsanlegg i Noreg, inkludert ei kartteneste som viser idrettsanlegget si plassering finn ein også på nettadressa www.idrettsanlegg.no.

Kommunal plan for **idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 - 26**

4.4.2 Prioriterte og gjennomførte anlegg 2008 - 2014

Byggeår	Anlegg	Stad	Eigar/utbyggar	Anl.nr.	Tilskot HK	Dugnad/ eigenkapital	Spelemidlar	Total- kostnadar
2008	Kyrkjebø skule – ballbinge	Kyrkjebø	Høyanger kommune	1416001009	33 000	215 000	160 000	408 000
2009	Bergane Vel – ballbinge	Lavik	Bergane Vel	1416005501	30 000	431 000	200 000	661 000
2009	Ortnevik friluftskart	Ortnevik	Ortnevik Grendelag	1416005601	28 500	12 000	40 000	81 000
	Bjordal skule – ballbinge	Bjordal	Bjordal/Søreide IL	14160009			0	260 000
2009	Solrenningen, riving og bygging av ny hytte	Solrenningen	Bergen Turlag	1416003601	0	1 951 000	926 000	2 877 000
2010	Vadheim – kunstgrasbane	Vadheim	Høyanger kommune/Vadheim IL	1416000805	1 353 000	757 500	Ikkje utbetalt	6 253 300
2011	Øvre Sæbø – ballbinge	Høyanger	Høyanger kommune/Øvre Sæbø Vel	1416004401	30 000	190 000	200 000	420 000
2011	Høyangerhallen – nytt sportsgolv	Høyanger	Høyanger kommune	1416000401			Ikkje utbetalt	1 068 000
2011	Høyanger stadion – nytt kunstgrasdekke	Høyanger	Høyanger kommune	1416000103	1 614 000	30 000	Ikkje utbetalt	2 562 000
2013	Høyangerhallen - skøytebane	Høyanger	Høyanger kommune	1416000406	37 500		17 500	55 000
2013	Austreimsneset Friområde – Tursti, gapahuk	Austreim	Høyanger kommune	1416003502	40 000		40 000	80 000
2013	Merkeprosjekt Høyanger	Høyanger	Balestrand og Høyanger Turlag		0	25 000	42 300	114 425
2013	Statleg sikra friluftsområde	Austreim	Høyanger kommune	1416003502	250 000		70 000	320 000
2013	Indredalen turløype/trimtrase	Vadheim	Vadheim IL	1416002001			408 000	1 400 000
2013	Indredalen turløype/lys	Vadheim	Vadheim IL	1416002002			413 000	850 000
2013	Bru over Åkreevåga	Solrenningen	Bergen Turlag	1416003602		110 600	110 000	220 600
2014	Lavik – 7-arbane kunstgras	Lavik	Lavik IL	1416004702	1 000 000		Ikkje utbetalt	
2014	Turkart Høyanger	Høyanger	Høyanger kommune		190 000			190 000
2014	Flytting av skytebane	Høyanger	Statkraft	1416002301				
2014	Grøntanlegg m/leikeplass	Høyanger skule			4 775 000			4 775 000

Kommunal plan for **idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 - 26**

4.4.3 Ikkje gjennomførte anlegg i perioden 2008 – 2014

Av dei anlegga som har vorte tekne med i handlingsprogrammet i planen i siste 4-årsperiode er flg. anlegg enno ikkje gjennomført:

Ordinære anlegg				
STAD	TYPE TILTAK	PLASSERING	UTBYGGJAR	ÅRSAK
Høyanger	Utviding av tribuner Materialrom 60 m ² Varmestove/Fjellhytte Siplo Skitrekk Vassdalen m/lys	Sentralidrettsanlegget Høyangerhallen Siplo Skisenter Siplo Skisenter	Høyanger komm. Høyanger komm. Siplo Tråkkem drift Høyanger komm.	Ikkje budsjettert Ikkje budsjettert Ikkje søkt Ikkje budsjettert
Kyrkjebø	Lysanlegg Ballbinge	Kyrkjebø Stadion Hellevegen	Kyrkjebø IL Velforeining	Ikkje søkt Ikkje søkt
Vadheim	Ballbinge Vadheim	Ved skulen	Vadheim IL	Ikkje søkt
Lavik	Utbetring lysløype Elektroniske skiver og utbetring standplass	Lavikdal Lavikdal skytebane	Lavik IL Lavikdal Sk.lag	Ikkje søkt Ikkje søkt

Nærmiljøanlegg / friluftsanlegg				
STAD	TYPE TILTAK	PLASSERING	UTBYGGJAR	ÅRSAK
Høyanger	Turveg til Dalsdalen Utviding av skateboardanlegg Fast bordtennisbord	Dalen/Sauestølen Sentralidrettsanlegget Sentralidrettsanlegget	Høyanger komm. Høyanger komm. Høyanger komm.	Manglar avtale Ikkje budsjettert Ikkje budsjettert
Kyrkjebø	Fast bordtennisbord Stupebrett Rampe m/rekkverk	Kyrkjebø skule Austreim Badeplass Austreim Badeplass	Høyanger komm. Høyanger komm. Høyanger komm.	Ikkje budsjettert Ikkje budsjettert Ikkje budsjettert
Vadheim	Fast bordtennisbord	Vadheim skule	Høyanger komm.	Ikkje budsjettert
Lavik	Fast bordtennisbord	Lavik skule	Høyanger komm.	Ikkje budsjettert
Bjordal	Fast bordtennisbord	Bjordal skule	Høyanger komm.	Ikkje budsjettert
Ortnevik	Fast bordtennisbord	Ortnevik skule	Høyanger komm.	Ikkje budsjettert

5 Status i kommunen

5.1 Tilbod - områdeinndeling

Utifrå dei hovudmåla som er nemnde bør det prioriterast bygging og utvikling av anlegg som kan aktivisere flest mogleg og samstundes blir ein sosial samlingsstad for alle. Anlegg som har eit høgt brukspotensiale, og anlegg som gir høve til eigenorganisert aktivitet, bør difor prioriterast.

Skal ein vurdere behov for nye anlegg for idrett og friluftsliv i kommunen, er det nærliggjande å ta utgangspunkt i tal medlemer i laga. Medlemstal i seg sjølv er likevel ikkje eit godt nok grunnlag for vurdering av behovet for nye anlegg. Eit lågt medlemstal kan også seie noko om anleggsmangel. Vi treng idrettsanlegg for å drive variert aktivitet, slik at aktiviteten og den planlagde aktiviteten bør vere styrande for anleggsutbygginga i dei komande åra.

I Høyanger kommune har barn og unge gode moglegeheter for variert fysisk aktivitet ute i naturen. Frå dei fleste bustadområde er det kort tilgjenge til naturen. Dette er eit stort gode som må takast vare på gjennom m.a. betre tilrettelegging. Dette er svært viktig m.o.t. å hindre inaktivitet.

Den store satsinga på bygging av nærmiljøanlegg dei siste åra har ført til auka aktivitet, og ein må rekne med at mange som før var inaktive no har vorte meir fysisk aktive. Bruken av anlegga er stor, og ein må kunne fastslå at denne satsinga har vore rett, ikkje minst m.o.t. trivsel.



*Veit du at regelmessig
fysisk aktivitet gir
”**better blodsukker-**
regulering”*

5.2 Førebyggjande arbeid

Høyanger kommune vil i samarbeid med lag/organisasjonar utvikle tilbod om spenningsaktivitetar for ungdom, og legge til rette for at alle skal kunne delta i ulike fritidsaktivitetar uavhengig av økonomiske føresetnader.

Oppbygging av utstyrspakke innan friluftsliv og fjellsport har gjort det enklare for mange å delta på ulike aktivitetar. Utstyrsbasen vart første gong etablert i 2002, med ei utviding i 2013. Pakken har det meste av grunnleggjande utstyr til friluftslivsaktivitetar, samt skiuutstyr. Denne pakken er tilgjengeleg for lag og organisasjonar, skular og private som treng utstyr til ulike aktivitetar. Framover vert det viktig å supplerer utstyrspakken og få gode rutinar for utlån og kontroll av utstyr. Ein vil også vurdere ei utlånsordning gjennom Høyanger bibliotek.

Oversikt over utstyr og korleis du får lånt utstyr finn du [her](#)



5.3 Tiltak for å fremje fysisk aktivitet

Høyanger kommune vil i samarbeid med lag/organisasjonar med å utvikle, planlegge og vidareføre tilbod for å skape meir fysisk aktivitet blant alle aldrar spesielt retta i helseperspektivet.

TILTAK	IGANG	PLANLAGT/ VIDAREFØRT	ANSVAR
Fri leige i kommunale bygg barn og unge 0 – 19 år	x	x	Høyanger kommune
Låg husleige i kommunale bygg for lag og organisasjonar	x	x	Høyanger kommune
Open hall ein gong årleg	x	x	Høyanger Ungdomsråd
Utsyrspakke for sport og friluftsliv	x		Høyanger kommune
Slakk line, utlån, Høyanger bibliotek	x	x	Høyanger kommune
Geocacher, utlån, Høyanger bibliotek	x		Høyanger kommune
Utarbeide samarbeidsavtale mellom Høyanger Idrettsråd og Høyanger kommune		x	Høyanger Idrettsråd
Årleg driftstilskot til lag og organisasjonar	x	x	Høyanger kommune
Tilskot til nærmiljøgruppene	x	x	Høyanger kommune
Helse, miljø og tryggleiksutval utemiljø		x	Høyanger kommune
Tilskot til opplæring og utdanning i lag og organisasjonar	x	x	Høyanger kommune
Trappeløpet	x	x	Gøyanger / HK
Sykkelritt barn	x	x	Gøyanger
Arrangere turar med fokus på fysisk aktivitet (transportmidlar ungdom)	x	x	Høyanger kommune
Integre nye landsmenn i frivillig arbeid		x	Lag og organisasjonar
Helsestasjon for ungdom	x	x	Høyanger kommune
Seniordans	x	x	Kyrkjebø Seniordans
Folkehelsekoordinator i min. 50% stilling	x	x	Høyanger kommune
Vurdere etablering av friluftsbarnehage		x	Høyanger kommune
Fokus på friluftsliv og bruk av uteområde i barnehagane	x	x	Høyanger kommune
Valfag friluftsliv i skulen	x	x	Høyanger kommune
Valfag fysisk aktivitet i skulen	x	x	Høyanger kommune
1 time fysisk aktivitet for kvar klasse i grunnskulen	x	x	Høyanger kommune
Turkassekonkurranse	x	x	HK / lag og organisasjonar
Tryggleiksveke årleg	x	x	HK / lag og organisasjonar
Daletrekken vedlikehald	x	x	Høyanger kommune
Trimløype i omsorgsbustadene	x	x	Høyanger kommune
Anti doping arbeid i alle idrettslaga	x	x	Høyanger Idrettsråd
Turpostkassetrim for elevane	x	x	Høyanger vidaregåande skule
Bassengtrening i HøyangerBadet	x	x	Høyanger Reumatikar

6 Registrering av aktivitet - vurdering av nye tiltak


6.1 Behov for anlegg og aktivitet

For å vurdere behovet for nye anlegg og opprusting av eksisterande anlegg er det naturleg å ta utgangspunkt i dagens situasjon; idretts-/skyttarlag, aktivitetar og anlegg. Dette kan gjerast ved å sjå på talverdiar for anleggsdekkinga, men med spreidd busetnad vil dette ofte vere vanskeleg. Laga sine vurderingar vil såleis vere like viktige.

Høyanger kommune vil bruke anleggsutvikling som eit viktig verkemiddel for å skape auka fysisk aktivitet i alle område av kommunen.

Flg. område skal prioriterast:

- Vektlegging av tilbod for barn og unge.
- Satsing på nærmiljøanlegg.
- Framleis satsing på rehabilitering av anlegg.
- Universell utforming
- Tilrettelegging for friluftsliv
- Prioritering av anlegg med høgt brukspotensial og som gir høve til eigenorganisert aktivitet.
- Idrettsrådet skal i større grad medverke ved fordeling av tilskot til idrettsaktivitetar og vere eit talerøyr for behov. Dei har oversikt på aldersfordeling i dei ulike laga og har representative følarar.



*Veit du at regelmessig
fysisk aktivitet gir
”mindre risiko for
”blodpropp og
slag”*

Det har vore utsendt spørjeskjema for å registrere behov for anlegg. Ved årleg tilråding/tildeling av kulturmiddlar får kommunen eit godt innsyn i aktivitetsnivå i lag og organisasjonar. Dette gjennom registrering av aktivitet og innsending av årsmelding i samband med søker.

6.1.1 Analyse av behov for aktivitet og anlegg

Denne planen trekkjer opp hovudlinjer i den vidare utbygginga av idrettsanlegg i Høyanger kommune. Naudsynt areal til ulike anlegg skal sikrast gjennom kommuneplanen sin arealdel.

Ein må legge seg på ein strategi der ein får balanse mellom aktivitetar som er avhengige av nyanlegg, og utnyttinga av dei moglegheitene til fysisk aktivitet som allereie er tilrettelagt eller eksisterer frå naturen si side.

Sjølv om ein i vår kommune har ei god anleggsdekning, vil det også i framtida vere behov for utvikling av anlegg. Det er stor aktivitet og utvikling innan området idrett og fysisk aktivitet, og spesielt for å imøtekome ungdom sine behov, vil det vere viktig å sikre ei allsidig utvikling innan dei områda ungdomen sjølv har lyst til å vere aktive i.

Høyanger kommune er ein geografisk stor kommune med bygdelag fordelt på begge sider av Sognefjorden. I følgje kommuneplanen skal Høyanger vidare utviklast som kommunesenter medan Kyrkjebø, Vadheim, Lavik, Ikjefjord, Bjordal og Ortnesvik har status som bygdesenter.

6.1.2 Sentralanlegg - idrett

Sentralanlegga er dimensjonert slik at ein kan arrangere meisterskap på regionplan.
Følgjande anlegg har status som hovudanlegg:

Friidrett	Høyanger Stadion
Fotball	Sentralidrettsanlegget, Høyanger
Alpin	Siplo Skisenter
Skyting	Randtangen Skytebane, Høyanger (skyteprøver/jegerprøveeksamen)
Skyting	Tangen Skytebane, Vadheim (baneskyting/konkurranseskyting)
Symjing	Høyangerbadet.

6.2 Fysisk aktivitet og friluftsliv

Ei stadig større del av innbyggjarane på landsbasis og i Høyanger kommune er fysisk lite aktive. Samstundes vert dei som er aktive stadig meir aktive. Fram til no har det vore slik at den organiserte idretten har lagt beslag på störstedelen av dei midlande som har vore sett av til idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Utfordringa i denne planperioden vert å få flest mogeleg av dei i dag lite aktive i kommunen til å verte meir fysisk aktive. Dette kan gjerast på fleire måtar.

Høyanger kommune har store utmarksområde som gjev rom for eit breitt spekter av friluftsliv. Mange av desse områda er berre tilgjengeleg for dei som disponerer privat bil og som er relativt spreke. Høyanger kommune ser det som ei viktig oppgåve å leggje til rette ulike friluftsaktivitetar for innbyggjarar og tilreisande, t.d. turvegar, friluftsanlegg og nærmiljøanlegg. Det må takast særleg omsyn slik at alle får eit tilbod om friluftsliv og rekreasjon. Gjennom arealplanen må det sikrast at viktige område for friluftsliv ikkje vert bygd ut til andre formål. Næringsverksemd og friluftsliv har ulike interesseområde som må samordnast slik at vi får ei miljøretta utnytting. Samarbeid og forståing mellom grunneigarar, næringsverksemder og friluftsinteresser er viktig om ein skal oppnå dette.

6.2.1 Prioritering fysisk aktivitet

1. Satsing på grøne korridorar, gang- og sykkelvegar og gangsti der ein kan gå, sykle eller trille frå bustadområda og til nærmiljøanlegg og nære friområde.
2. Bevaring og oppgradering av eksisterande grøne område og friområde nær bustadområda.
3. Satsing på nye aktivitetar som fengjer dei som i dag er lite fysisk aktive. Framfor alt gjeld dette aktivitetar som er populære blant ungdom.
4. Aktivitetar som legg forholda til rette slik at alle, uansett alder, kondisjon og handikap, kan vere fysisk aktive nær der dei bur. Gjerne i form av kortare turløyper og rundturar som både gir fysisk aktivitet og kulturell lærdom og naturoppleving.
5. Tiltak som aukar interessa for kvardagsfriluftslivet, dvs. fysisk aktivitet i nærområde som ikkje krev kostbare anlegg.

Kommunal plan for **idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv** 2015 - 26

6.2.2 Prioritering friluftsliv


1. Tilrettelegging av innfallsportane til dei store friluftsområda i kommunen ved å bygge ut parkeringsplassar ved dei mest nytta turutgangspunkta.
2. Oppsetjing og vedlikehald av informasjonstavler på desse parkeringsplassane.
3. Merking og rydding av løyper og stiar for både sommar og vinterbruk.
4. Informasjon om jakt og fisketilbod, samt sal av jaktkort og felles fiskekort.
5. Satse mykje sterkare på kvardagsfriluftslivet ved å leggje opp til og orientere om kortare og lengre rundturar nær bustadområda i kommunen, både sommar og vinter.
6. Lette tilgangen til sjø og vatn, for både fiske, båtliv og badning.
7. Utnytte eksisterande, gamle ferdsselsvegar då desse ofte er lette å opparbeide slik at dei kan nyttast av alle.

6.2.3 Samarbeid med andre kommunar

Frå Kulturdepartementet, Sogn og Fjordane idrettskrins og Sogn og Fjordane fylkeskommune er det kome signal om at kommunane i fylket bør samarbeide meir om større anlegg og fysiske aktivitetar. Samarbeid kan resultere i større brukargrunnlag som kan gje sikrare drift av anlegga og opne opp for fleire fysiske aktivitetar. Samarbeidet kan skje om investeringar eller drift, eller berre gjelde bruken av anlegga. Eventuelle planar om samarbeid med andre kommunar er enno så lite utvikla at det er vanskeleg å peike på kva form og korleis slikt samarbeid vil skje.

6.2.4 Anleggsdekning fordelt på område

Høyanger kommune har stor anleggsdekning. Fordelinga av anlegg syner på oversiktskartet med inndeling i område A (Høyanger - Siplo), B (Kyrkjebø – Tronvik - Austreim), C (Vadheim - Indredalen), D (Lavikdal - Lavik – Torvund), E (Ikjefjord), F (Bjordal) og G (Ortnevik – Stølsheimen). Detaljerte kart med lokaliserte anlegg syner ein til vedlegg til denne planen.



7 Spelemedlar på 1 2 3

Idrettsanlegg finansierast vanlegvis ved eigenkapital, dugnad, tilskot frå kommune/fylkeskommune, spelemedlar, lån og gaver. Til friluftsanlegg kan det dessutan gjevast tilskot frå dei ordinære friluftslivmidlane.

Det vert elles vist til [Spelemedlar til idrettsanlegg](#) som gjev utfyllande informasjon. For bygging av idrettsanlegg er det sett krav om [kommunal planlegging og idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning](#) for å sikre eit best mogleg resultat. For søknadsskjema m.m. sjå lenker på Høyanger kommune si [heimeside](#), eller ta direkte kontakt med kommunen.

I planen bør ein halde fram med ei årleg rullering av handlingsprogrammet. Denne praksisen har gjort at ein har kunna opne for nye anlegg som ikkje allereie står i planen. Det er eit viktig signal til lag og organisasjoner, då det ikkje alltid vil vere behov for kommunal medfinansiering t.d. på nærmiljøanlegg. I 2014 vart det opna for at ein kan ta inn ordinære anlegg som kan få inntil 1 000 000 kroner i spelemedlar, på den årlege rullinga av planen.



*Veit du at
regelmessig
fysisk aktivitet gir
"langsamare
aldring"*

7.1 Spelemedlar på 1 2 3

Søknad om spelemedlar	O	N	F
For søkjær			
Rettleiar	V-0732N	V-0732N	V-0939B
Skjema			
Brukarmannual	Elektronisk søknad	Elektronisk søknad	Elektronisk søknad
Søknad	Søknads-skjema	Søknads-skjema	Søknads-skjema
Rekneskap	Rekneskaps-skjema	Rekneskaps-skjema	Rekneskaps-skjema
Plan for drift av anlegget	Plan for drift	Plan for drift	
Krav om behovsvurdering	►	►	►
Støyvurdering		►	
Tinglyst skøyte/leigeavtale	► (30 år)	► (20 år)	► (30 år)
<i>Teiknforklaring:</i> O - Ordinære anlegg F - Anlegg for friluftsliv i fjellet	N - Nærmiljøanlegg		

Tabell: spelemedlar 1 2 3

7.2 Spelemedlar og idrettsanlegg

7.2.1 Søknad om spelemedlar

Kultur- og kyrkjedepartementet fordeler kvart år tilskot av spelemedlane til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i kommunane. Tilskotsordningane er søknadsbaserte. Sjå [Søknad om spelemedlar til anlegg](#).

Kommunal plan for **idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 - 26**

I samband med utbygging av anlegg kjem det ofte opp spørsmål knytt til krav om at anlegget må vere med i ein vedteken kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet for at det skal ha rettkome krav på spelemidlar.

Ein vil understreke flg. når det gjeld kva plankravet inneheld og kva reglar ein skal halde seg til:

Førehandsgodkjenning ved oppstart av anleggsarbeidet

Eit anlegg det skal søkjast spelemidlar til må vere førehandsgodkjent før utbygginga kan starte. Oppstart før anlegget er førehandsgodkjent, gjer at anlegget ikkje vil ha krav på spelemidlar.

Førehandsgodkjenning skal gjennomførast for å sikre behovsriktige og gode idrettsfunksjonelle løysingar, og for å sikre at estetiske og miljømessige forhold vert ivaretatt på ein god måte. Denne godkjenninga må ikkje forvekslast med den sakshandsaminga som føregår i samband med kommunen si byggesakshandsaming. Den gjev heller ingen lovnad om at anlegget vil få spelemidlar.

Søknad om førehandsgodkjenning kan sendast inn til Høyanger kommunen v/plan og byggesak heile året. Dersom ein utbyggjar ønsker å starte opp før tilsegn om spelemidlar ligg føre, er det ein føresetnad at utbyggjar sjølv kan dokumentere ei naudsynt mellomfinansiering (i tillegg til den ordinære finansieringa), og at han sjølv også er i stand til å ta konsekvensane dersom anlegget ikkje får tildelt spelemidlar.

Kort fortalt om kostnadsrammer

Nærmiljøanlegg. Ein kan søkje om tilskot på inntil 50 % av godkjend kostnad. Maksimalt tilskot per anleggseining er kr 300 000. Nedre beløpsgrense for godkjend kostnad er kr 50 000 (tilskot kr 25 000). Grunnlag for tilskot er avgrensa oppover til kr 600 000. Nedre godkjende kostnadsramme er kr 50 000. Maksimalt tilskot til ein anleggsstad kan vere inntil kr 1 200 000.

Anlegg for friluftsliv. Denne kategorien omfattar anlegg som dagsturhytter, turvegar, turløyper og turstigar. Det vert lagt vekt på at anlegga så langt råd er skal kunne brukast heile året.

Utandørs badeplassar er ikkje omfatta av spelemidelordninga, men det kan søkjast om tilskot til aktivitetsområde og/eller sanitæranlegg knytt opp mot badeplassar.

Det er ulike satsar for tildeling av spelemidlar til anlegg for friluftsliv sjå nærmare på www.idrettsanlegg.no

7.2.2 Elektronisk søknadssystem

Kultur- og kirkedepartementet (KDD) har sidan 2008 tatt i bruk elektronisk søknadssystem for spelemidlar til idrettsanlegg. Søkjarane må fylle ut søknad om spelemidlar elektronisk.

7.2.3 Klassifisering og finansiering av idrettsanlegg

Ansvaret for finansiering av anlegg for idrett og fysikk aktivitet ligg hos dei som eig og driv anlegga. Dei fleste slike anlegg i vår kommunen er bygt med hjelp av statlege spelemidlar. Spelemidlar til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg skal bidra til ein infrastruktur som gir folk moglegheit til å drive både eigenorganisert aktivitet, og aktivitet i regi av den frivillige, medlemsbaserte idretten.

Anlegg i lokalmiljøa som stimulerer og stettar barn og unge sine behov for fysisk aktivitet i organiserte eller eigenorganiserte former vert prioritert.

Kommunal plan for **idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 - 26**

7.2.4 *Rehabilitering av idrettsanlegg*

Rehabilitering av idrettsanlegg er istandsetting av anlegget som skal gje ei vesentlig funksjonell og bruksmessig heving av standarden i forhold til dagens situasjon. Det er ein føresetnad for eit eventuelt tilskot at rehabiliteringa skal gje større og betre forhold for idrettsutøving og ikkje skuldast mangefull planlegging, feil drift eller dårlig vedlikehald.

Kommunal plan for **idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 - 26**

8 Litteratur, lenkar og vedlegg

8.1 Nyttige lenkar

Mange av statens publikasjonar ligg tilgjengeleg på departement si heimeside www.regjeringen.no.

8.1.1 Andre nyttige nettsider er

www.idrettsanlegg.no

www.helsedirektoratet.no

www.dibk.no (Direktoratet for byggkvalitet)

www.fylkesmannen.no

www.husbanken.no

www.slf.dep.no (Landbruksdirektoratet)

www.norge.no

www.frifo.no (Norsk Friluftsliv)

www.miljodirektoratet.no

www.friluftsrad.no

8.1.2 Stortingsmeldingar

[St.meld. nr. 26 \(2011-2012\) «Den norske idrettsmodellen».](#)

[St.meld. nr. 10 \(2011 – 2012\) « Kultur, inkludering og deltaking».](#)

[St.meld. nr. 30 \(2011 – 2012\) «Se meg!».](#)

8.1.3 Handlingsplanar frå Regjeringa

8.1.4 Publikasjonar frå Kultur- og kirkedepartementet

[Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet.](#)

[Tilrettelegging av turveier, løyper og stier.](#)

[Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg.](#)

8.1.5 Publikasjonar frå andre departement og direktorat

- Helsedirektoratet (2011) – Overskudd og trivsel for alle – helsefremmende og forebyggende arbeid for barn og unge med funksjonsnedsettelse .
- Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet – Åpne møteplasser for barn og ungdom.

8.1.6 Andre publikasjoner

- [Redd Barna – En alvorlig stor melding \(2012 – 2013\) Fra barn som søker asyl i Norge.](#)

8.1.7 Lover og føreskrifter m.m.

[LOV 2013-06-14-51: Lov om friluftslivet.](#)

[LOV 2014-06-20-50: Lov om forvaltning av naturens mangfold \(naturmangfoldsloven\).](#)

[LOV 2013-06-14-39: Lov om folkehelsearbeid \(folkehelseloven\).](#)

8.2 Idrettsanlegg – Fylkesplan 2014-2017

FYLKESDELPLAN FOR IDRETT, FRILUFTSLIV OG FYSISK AKTIVITET

SOGN OG FJORDANE 2014 - 2017

Vedteken i Fylkestinget 11.12.2013, sak 012/4201

9 Vedlegg: Anleggsdekning fordelt på område

9.1 Område A

ANLEGG SONE A		HØYANGER - SIPLO
	Anleggsnummer	
Randtangen skytebane		
Skytebane 100 m / 200 m	1416002301	
Skytebane, leirdue	1416002302	
Skytebane, pistol	1416002303	
Elektroniske skiver		
Skyttarhus		
Sentralidrettsanlegget		
Fotballbane, gras 105x67m	1416000101	
Fotballbane, kunstgras	1416000103	
Rundløpsbane, grus	1416000102	
410 m x 6 baner		
Sandvolleyballbane 18x12	1416000406	
Skateboardanlegg	1416000108	
Lagerbygg	1416000109	
Skøytebane - vinter	1416000406	
Tursti Holmen	1416000106	
Høyangerhallen		
Idrettshall 45 x 23 m	1416000401	
Trim-/styrketrening 12x5,5	1416000402	
Mini klatrevegg	1416000404	
Skytebane 25 m, 5 pl. – elektronisk	146000403	
Innebandyvant	141600405	
Høyangerbadet		
Familiebasseng 25x12,5 m	1416005101	
Terapibasseng	1416005102	
Plaskebasseng m/sklie		
Badstove		
Vassklie 56 m		
Stupetårn 1 m/3 m	1416005101	
Overvaking	1416005101	
Boblekant		
Kafe	1416005101	
Utebasseng 25x12,5 m,28 °	1416005103	
Plaskebasseng 24 m2 - ute		
Siplo Skisenter		
Skitrekks m/alpinbakke 1120 m	1416001702	
Barneskitrekk		
Lysløype langrenn, ca.3 km	1416001701	
Skiløype	1416001705	
Falkehytta, idrettshytte	1416003402	
Fiskebrygge		
Grillhytte		
Røde Kors-hytte		
Turveg	1416001704	

Kommunal plan for **idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 - 26**

ANLEGG SONE A		HØYANGER - SIPLO
	Anleggsnummer	
Høyanger skule		
Aula	1416001101	
Ballplass	1416001102	
Aula 18 x 9 m		
Grøntanlegg m/klatretårn		
Øvre Sæbø		
Ballbinge, kunstgras 21x13	1416004401	
Turveg, Sæbø - Sauestølen 2,2 km	1416002201	
Dale		
Fiskebrygge, universell 40x5m		
Fiskebuk 6 m ²		
Ballbinge, kunstgras 21x13	1416004102	
Högereina		
Ballbinge, kunstgras 21x13	1416004001	
Kaihuset		
Buldrevegg, klatring	1416005301	
Sæbøtangen		
Småbåthamn	1416003301	
Turkart		
Turkart Høyanger, merking av stiar	1416004502	
Turkart Høyanger kommune	1416004501	
Kjølfjell o-kart	1416002101	

9.2 Område B

ANLEGG SONE B		KYRKJEBØ
Kyrkjebø stadion	Anleggsnummer	
Fotballbane, gras 100 x 64 m	1416001006	
Delanlegg friidrett, 6 baner 100 m kunststoff	1416001005	
Handballbane (tennis, volleyball, badminton), kunststoff	1416001005	
Tursti		
Gapahuk		
Kyrkjebø skule		
Gymsal 17 x 8,4 m	1416001001	
Garderobeanlegg	1416001008	
Ballbinge, 21 x 12 m, kunstgras	1416001009	
Leikeplass	1416001003	
Ballplass	1416001002	
Tronvik		
Gymsal 12 x 12 m		
Turveg og lysløype, 500 m	1416003902	
Småbåthamn	1416003101	
Austreim		
Badeplass m/sanitæranlegg	1416003501	
Ridesti/tursti	1416003502	
Gapahuk	1416003502	

9.3 Område C

ANLEGG SONE C		VADHEIM
Vadheim skule	Anleggsnummer	
Fotballbane, kunstgras 100 x 60 m	141600805	
Avlastningsbane, grus	141600803	
Gymsal 18 x 10 m	141600801	
Sandvolleyballbane 2 stk.		

9.4 Område D

ANLEGG SONE D		LAVIK
	Anleggsnummer	
Lavik skule		
Fotballbane 7-ar, kunstgras	1416004702	
Gymsal 14,5 x 10 m	1416004701	
Lavik Helsesenter		
Symjebasseng 12,5 x 6,5 m	1416003701	
Terabibad 3,5 x 3,5 m	1416003701	
Lavik		
Skytebane, Dalen 100 m	1416002503	
Skytebane, Dalen 200 m	1416002502	
Ballbinge Bergane, kunstgras 21 x 13m	1416005501	
Lavikdal		
Skytebane 100 m	1416002601	
Skytebane 300 m	1416002602	
Skyttarhus 43 m ²	1416002603	
Alværa stadion		
Klubbhus m/garderobar	1416000303	
Fotballbane, grus 64 x 100 m (planlagt nedlagt)	1416000301	
Friidrettsbane grus	1416000302	
Torvund		
Grendahus	1416000701	
Norevik		
Ball/leikeplass	1416001302	
Grendahus, sal 10 x 8,7 m	1416001301	
Øvre Lavikdal		
Ballbane, grus 35 x 20 m	1416004901	
Samfunnshus, gymsal 21x8	1416004301	
Nedre Lavikdal		
Ballbane, grus 45 x 25 m	1416005001	
Lysløype 2,2 km	1416001601	
Samfunnshus, gymsal 11,5 x 8,5 m	1416001501	


9.5 Område E

ANLEGG SONE E		IKJEFJORD
	Anleggsnummer	
Granden		
Fotballbane grus 90 x 50 m	1416000601	
Badeplass		
Ikjefjord Grendahus, gymsal 13,2 x 9,5 m	1416000602	
Utandørs bordtennisbord		
Sandvolleyballbane 18 x 9 m	1416000603	




9.6 Område F

ANLEGG SONE F		BJORDAL
	Anleggsnummer	
Bjordal skule		
Garderobar		
Gymsal 16 x 10 m	1416000901	
Skytebane 15 m		
Delanlegg friidrett	1416000903	
Ballbinge, kunstgras	1416000905	
Hinderløype		
Grusbane 66 m x 50 m	1416000902	
Sandvolleyballbane	1416000904	
Bjordal Skytebane		
Skytebane, 100 m	1416002401	
Skytebane, 300 m - elektronisk	1416002402	
Skyttarhus 6 x 8 m	1416002403	
Søreide		
Småbåthamn	1416003201	



9.7 Område G

ANLEGG SONE G		ORTNEVIK
	Anleggsnummer	
Ortnevik Grendahus Gymsal 9 m x 5,5 m Garderobar Ballplass 40 x 20 m m/ballvegg	1416001201	
Ortnevik Småbåthamn Friluftskart Sandvolleyballbane		
Stølsheimen Nordalshytta, tursti Solrenningen, tursti alt. 1 Solrenningen, tursti alt. 2 Solrenningen, overnatningshytte	1416002801 1416002901 1416003002 1416003601	